




Vegen mellom Friheim og Fjellandsbø er grusa og avretta. Grøftene er reinska.

**Det har lenge vore tvil om Kvinnherad kommune sitt ansvar for tilsyn og vedlikehald på vegen frå Friheim til Fjellandsbø. No er den 1,8 km lange traseen avretta og grusa. Grøftene på begge sider er reinska. Massane er mellom anna frest oljegrus frå arbeidet med Opsongersvegen på Husnes.**

Ingvild Myklebust og Jone Rørheim, som er nye brukarar på Fjellandsbø, er godt nøgde med og ser positivt på at kommunen med dette tek ansvar for tilsyn og vedlikehald, slik det eigentleg har vore sidan tidleg på 1960 talet. Avtale og dokumentasjon frå 1980 talet var avklarande i høve til vegvedlikehaldet.

Bilete syner korleis vegen var før grusinga. Vegen var nedsliten og mange plassar kørde ein på større steinblokker og fjell. Snøbrøyting var eit av mange problem. Traseen var ikkje avretta og det la seg mykje vatn i vegbanen. Med det siste arbeidet er vegen fram til Fjellandsbø turr og fin.



Manglande vedlikehald over fleire år gjorde at vegen var nedsliten med hol og mykje vatn.

Massane er rett nok i grovaste slaget, særleg for gåande og dei med barnevogn. Truleg vert det lagt eit finane topplag på vegen. Det er noko av det Uskedalen.no ventar eit svar på frå det kommunale vegkontoret.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Møyfrid Kristoffersen/ Kristian Bringedal